

# KYRKJELYDSBLAD

FOR NISSEDAL SOKN

Med meldingsblad for Nissedal kommune



Treungen kyrkje




Nissedal kyrkje



Felle kapell

PÅSKA 2021



Teikna av Helena Eikhom Tveit

## «SO BLÆDDE DEI SALMUR»

### «Til alle tider»

Mars har kome med vårblå himmel over glitrande snø. Frå skogkanten kan me høyre svarttrosten når han spelar opp med fløytande tonar utetter i seine kveldstimar, før han kanskje må finne ly for ruskande vindkast og nye snøkav. Liksom naturen skifter, har me nok òg i siste året fått påminningar om at livet skifter, og om at me er inne i den andre våren på rad med unntakstilstand i landet vårt.

Før me kjem inn på påskehøgtida, vil me fyrst høre litt med pastoren i Treungen frikyrkje, Rut Stokstad Nielsen, om korleis koronaen påverkar liv og aktivitetar.



– Ja, det er klart at pandemien har endra på mykje av opplegga våre, seier Rut, – men me har då funne nye måtar å kome saman på innanfor «koronareglane». Mellom anna har me i det siste året stelt til ein del vandringar, eit opplegg der me stansar opp med forteljingar, drama og/eller spørsmål til samtale. Kristi himmelferdsdag feira me på fjelltur på Tveitheia. På den måten kan me òg få oppleve at formidlinga av den kristne bodskapen midt i Guds skaparverk, kan gjere noko med oss som me ikkje får innomhus. På ei vandring i Tveitsund i sommar, der 20 skodespelarar deltok på ulike stader, tok me utgangspunkt i forteljinga om Ester i Det gamle testamentet. Det blei særskilt stemningsfullt med skiftande skuggar i fullmåneskin. Elles har me hatt både «drive in-gudsteneste» med radiobingo og mange nettgudstenester. Me hadde òg digital jolemesse, med imponerande evne til omstilling frå alle som var med. Som vanleg kan me takke mange gode medarbeidarar for verdifull innsats. Det tekniske har me fått på plass fordi me har dyktige folk på dette området, slik som Jon Oddvar og Solveig Jermansen. Kvinneforeninga har me stort sett greidd å halde i gang, mellom anna ved at me har hatt ulike møte i lokalitetane til Tveitsund Fisk & Ferie. Speidaraktivitetane kom òg i gang att i haust. Meir kunne nemnast, men i alle fall har me til ein viss grad greidd å skape møtestader for dei som har knytt seg til Treungen frikyrkje gjennom dåp og medlemskap, men i denne tida har me nok likevel ikkje makta å vere like «opne og inkluderande» og utoverretta i bygda, slik som me til vanleg har som eit klart mål.

#### – Har de greidd å lage ein plan for påska?

– Tradisjonelt har me påskemåltid med nattverd på skjærtorsdag, gudsteneste langfredag og gudsteneste 1.påskedag, men i desse dagar er det mest uråd å gå ut med noko detaljert program. Det er nok ei betre løysing å gjere programmet kjent når høgtida nærmar seg. Då får me bruke ulike kanalar og plattformer for å be inn til nye opplegg.

#### – Som påskesong har du funne fram Bjørn Eidsvågs «Til alle tider»?

– Ja, eg er glad i mange av songane til Bjørn Eidsvåg. Mange av songane om påskedramaet, om Gud som ofrar seg og som lid, men som òg gjer død til liv for oss, rører ved noko i meg. Vår Gud er evig Gud til alle tider og i alle tider. Kanskje har tankane i denne songen fått søkke djupare ned i meg i ei tid der mykje har vore usikkert, og der ein sjølv ikkje har fått bidrege så mykje. Likevel står det fast at Jesus opna vegen for alle menneske til Guds kjærlege famn, og at det er hans nåde som ber. Det er Han eg set mi lit til og håpar på.

TV

#### Til alle tider (Tekst og melodi: Bjørn Eidsvåg )

En tåre renner fra ikonet  
en mager mann med tornekrone  
grepet ser jeg ned  
min tro, mitt håp, min fred  
jeg ser hva jeg har gjort  
og legger kronen bort  
straffen lå på Deg  
skammen bærer jeg

Et ord, en mann, et speil, en gåte  
forundret ser jeg speilet gråte  
så lite tro jeg har  
jeg overhører svar  
jeg trodde det var meg  
som skulle redde Deg  
skamfull ser jeg ned  
det var Du som led

En mager mann som stille lider  
evig Gud til alle tider  
i himmel og på jord  
min frelser og min bror  
jeg ser hva du har gjort  
og legger kronen bort  
straffen lå på Deg  
nåden bærer meg

## ANDAKT

### Ein heftig nedtur som blei ein opptur

Etter at Jesus var blitt gravlagt, blei disiplene særstak motlause. Dei hadde satsa alt på at Jesus var Messias, og så blei han hengt på eit kors som ein forbrytar og forrædar. Det var ikkje det dei hadde drømt om dei tre åra som dei var saman med Jesus. Då så alt så lyst ut, og dei fekk stadig påminningar om at Jesus verkeleg var Guds Son. Men nå sat dei einsame og etterlatt av Jesus. Jesus hadde svikta dei..

Verst var det kan hende for dei to som blir kalla Emmaus-vandrarane. Vi veit berre namnet på den eine, Kleopas. Kan hende du er den andre, du som har opplevd at nokon av dine har gått bort, og at Jesus har svikta deg. Du kan, om du vil, sette ditt namn her.

Teksten på andre påskedag er henta frå Lukas 24,13-35:

Her les vi om at dei to tek på heimveg frå Jerusalem og til Emmaus. Det er ei strekke på nærare tre mil, og det går nedoverbakke heile vegen. Det går seint, dei brukar heile dagen. Og dei går og talar om det som hadde hendt den siste veka i Jerusalem. Kan hende tenkte dei at det var like greitt å gi opp alt med religion og det å vere ein disippel av Jesus. Han var jo borte vekk, han hadde etterlate dei som farlause. Dei fekk heller byrje med det dei dreiv med før, heime i Emmaus. Det var i alle fall noko dei kunne klare sjølv, utan hjelp av Jesus.

Men så fekk dei fylge med ein som dei trudde var ein framand. For dei var så opptekne med seg sjølv, at dei ikkje såg kven det var. Han var nyfiken på kva dei tala om. Og dei svara at det var nok dei siste dagars hendingar i Jerusalem, om Jesus som vart krossfest, og gravlagt. Og om dei lite truverdige rykta om at kvinnene hadde funne grava hans tom.

Då tek den framande til å legge ut for dei alt som stod i dei gamle skriftene, i det gamle testamentet vårt. Og han byrja med Mosebøkane, og profetane. Her visa han dei at denne Jesus, om han var Messias, så måtte han lide og dø, og stå opp igjen. For det hadde Gud allereie lova dei gjennom dei heilage profetane. Det hadde vore gildt om Lukas hadde skrewe ned den bibeltimen, eller to som Jesu heldt den dagen. Men han berre gjer oss konklusjonen:


«Kor lite de skjønar, og kor seine de er til å tru alt det profetane har sagt! Måtte ikkje Messias lida dette og så gå inn til sin herlegdom?»

Og dei to seier:

Ver hos oss! Det kveldar, og dagen er på hell. «Det er dei orda som har inspirert Salmediktaren som skreiv» O bli hos meg! Nå er det aftentid, og mørket stiger dvel, o Herre blid! Når annen hjelp blir støv og duger ei, du, hjelpelös hjelper, bli hos meg»

Og når dei fekk ta imot brødet, var det som dei var til stades ved det siste måltidet att. Og dei såg at det var Jesus som var saman med dei.

Då han vart borte igjen, var dei oppstemte og glade. For no var dei sikre på at Jesus var stått opp frå dei døde. Og du skal vere temmeleg oppskrudd om du etter ein tre timars tur nedover, tek vegen oppatt då dei var blitt mørkt. Men dei måtte opp til dei andre disiplene og fortelje det som dei hadde hendt. Så dei sette i veg dei tre mila opp igjen til Jerusalem. Vitnemålet deira var at dei hadde møtt Jesus på vegen, og dei kjende han då han braut brødet med dei. Og dei andre kunne stadfeste at Jesus hadde vist seg for Simon Peter.



Maria Skjæveland – ny kantor med  
allsidig bakgrunn



Etter dagar med rimfrosne tre og islagde vatn er me komne til slutten av februar med mildare vinddrag i lufta. Endåtil på fjell og heiar dryp det vårleg frå snøkledde hyttetak. I *Kyrkjelydsbladet* har me avtala å møte Maria Skjæveland, den nye kantoren vår, på Gautefall der ho ein sein ettermiddag kjem beinveges frå konfirmantleir i fjellkyrkja. Med sprit på hendene og kaffi og cola i koppane finn me oss eit roleg hjørne på hotellet for å få ei lita samtale mellom skikledde feriefolk.

– *Du har måttat hiva deg ut på i kyrkjeliv og aktivitetar midt i unntakstilstanden med koronaen?*

– Ja, og eg har nå kjent på at me er inne i ei nokså underleg tid, svarar Maria medan ho nippar til seg ein bit med pommes frites. – Eg kunne naturlegvis ha ynskt meg ein meir normal inngang når eg kjem til ein ny stad, men det høyrer vel med til den nasjonale dugnaden at me gjer det beste me kan ut av denne tida. Eg er blitt helsa varmt velkommen, og eg synest det ser spennande ut å få vere kantor og ein del av staben i Nissedal kyrkjesokn.

### Gode oppvekstår i Kviteseid

Maria fortel at ho ikkje var meir enn tri månader då foreldra hennar i Kviteseid ein dag i 1983 henta henne på Fornebu, der ho kom som adoptivbarn frå Seoul i Sør-Korea. I Kviteseid fekk ho ein trygg og god barndomsheim med leik og moro, ikkje minst i lag med ein storebror som var fem år eldre. Foreldra skjøna nok tidleg at dei hadde fått ei lita jente i huset som hadde med seg tonar og musicalitet som voggegåve. Dei har kunna fortelje at Maria nynna og song frå ho var ein neve stor, ja, til og med før ho tok til med å uttale ord og forme setningar.

– *Du blei vel snart med på ulike aktivitetar i bygda?*

– Ja, Kviteseid er heller ikkje større enn at ein blir fort kjent med jamaldringar i skulen og på fritida. Snart var eg med på sundagsskulen, i barnekor og i speidaren.

– *Og for ei jente med musikk i blodet var det vel ikkje unaturleg å få lyst til å prøve seg på eit instrument?*

– Nei, det er sant, det, og det var stor stas då eg fekk ein liten barnefiolin i hendene. Eg øvde ein del på den fram til eg tok til i Musikkskulen. Der fekk eg opplæring både i fiolin- og hardingfelespel av Torunn Raftevold Rue. Då eg var i 11-årsalderen, tok eg til med å spele piano, og då hadde interessa for fiolinspel alt minka ein del. Samtidig var det mykje anna som lokka ein av stad, koret Unge røyster, turar i skog og fjell, ulike treff på Misjonshuset og volleyball. Eigentleg var det fotball eg helst ville drive på med, men det avgrensa seg sjølv sidan eg kom til å slite med pollenallergi. I det heile fekk eg mange barndoms- og ungdomsår med gode opplevelingar, ikkje minst eit song- og musikkmiljø med flinke leiarar og godt kameratskap, noko eg ser tilbake på med glede. Då eg gjekk på vidaregåande, var eg med i korps og spela

også piano og fiolin. Likevel må eg seie at på den tid hadde eg absolutt ingen tankar om at eg skulle utdanne meg innanfor musikk.

### Allsidig utdanning fram mot kantoreksamen

Då Maria hadde gjort seg ferdig med vidaregåande, gjekk vegen til Grimstad for å gå på musikklinna på Bibelskulen. I det inspirerande miljøet arbeidde tankane vidare om det var musikk som skulle bli vegen inn til yrkeslivet hennar. Tankar og draumar fekk ny næring då ho tok til som elev på kyrkjemusikklinna på Viken folkehøgskole. – Då tok eg òg til med å få orgeltimar med Dagfinn Køhn. Dagfinn er nok den eg har lært mest av på mange plan. Han har utan tvil vore ein god mentor for meg, seier Maria med eit overtydande blikk.

Til og med folkemusikkstudium i Rauland og musikkfag ved Høgskolen i Staffeldsgate i Oslo fekk Maria med seg før ho avslutta ei allsidig utdanning med kantorstudium ved NTNU i Trondheim. Ved studiet på Høgskolen i Staffeldsgate var det meir enn orgel på programmet, melom anna førelesingar i bibelfag og såkalla praktisk-teologiske og administrative fag med lærerike praksisperiodar.

– Eg er glad for at eg fekk med meg fagområda utanom orgelmusikk. Slik fekk eg betre bakgrunn for kunne vere med i kyrkjelivet på fleire plan, mellom anna dersom det passar at eg blir med i trusopplæring, konfirmantopplegg og Alpha-kurs, fortel Maria og legg òg til at ho i mange feriar fekk verdifull praksis som organistvikar i Kviteseid og andre stader i Vest-Telemark.

### Gild tid på Kongsvinger

– *Så bar det ut i yrkeslivet?*

– Ja, då eg var ferdig med utdanninga, dukka det opp ei ledig stilling som kantor på Kongsvinger, noko som såg ut til å passe for meg på fleire måtar. Mormor kom frå Austvatn i Nord-Odal, ein halvtimes biltur frå Kongsvinger, og slik blei det til at eg kunne få bu i huset etter grandtanta mi. Det var gildt og inspirerande å få vere ein del av ein stor stab på i alt 25 personar. Me var tri organistar som kunne hjelpe kvarandre med å få oppdrag og avtaler til å passe. Bispevisitas var noko av det første eg var med på, og snart var eg i gang for fullt. Det var triveleg å få spele på institusjonar. I stillinga mi hadde eg eit vaksenkor, og eg var med på Juniorklubb der elevane stakk innom etter skuletid. Her kunne dei få seg litt mat før dei blei med på opplegg med songar, ein liten andakt og ulike aktivitetar. Eg var òg med på eit opplegg som me kalla Formiddagskaffe, og me stelte til konsertar for eldre saman med diakonen.

I byen trefte eg mange gilde og opne menneske, noko eg òg trur var litt av bakgrunnen for det gode samarbeidet mellom Brandval menighet og Pinsemenigheten på lokalet Ebenezer. Lærerikt var det òg at eg kom med i Kulturutvalet. Utanom dette var eg med i Mo Normisjon. Eg meiner det er viktig at me som er med i kyrkja, kan vise oss fram og vere med som ein naturleg del av dagleglivet. Slik kan me møte mange hyggelege menneske og opne opp for gode samtaler, fortel Maria frå tida på Kongsvinger, ei tid med rike minne både frå folkeliv i byen og sus frå vide skogar langs svenskegrensa.

### Yrkesliv og fritid hand i hand

Maria kan fortelje at ho har sett pris på å få sjå fleire stader i landet vårt, men samtidig har ho kjent på røtene i Vest-Telemark. Heile tida har ho halde på god kontakt med familie og vene i den gamle heimbygda si, noko det nå ligg endå betre til rettes for å halde fram med. Heilt frå barndomsåra har ho vore glad i å kome ut på turar i skog og fjell. Ho ser fram til å kome på kjende trakter i Kviteseid og finne fram på turløyper i Nissedal.

– *Song og musikk er ein del av yrkeslivet ditt, men det er vel kanskje òg ein viktig del av fritida di?*

– Ja, så absolutt, kjem det raskt frå Maria, – eg både spelar og syng og høyrer på litt av kvart. Kva eg høyrer på, kan nok variere litt etter humør og sinnstemning. Eg kan lytte til det meste, bortsett frå heavy metal og opera. Eg er glad i songar med gamle, folkelege melodiar, slik som «Den ville sau» og «Eg veit i himmerik ei borg».

I dei siste åra er eg blitt glad i storbyferiar, og då kan ein av og til få musikkopplevingar òg. På ein tur til Wien i 2017 fall augo mine ein dag på ein plakat om at det skulle vere konsert med Vivaldis «Dei fire årstidene» i Stephansdomen. Slik kan ein av og til ein vere så heldig at ein dumpar borti noko som gjev minne for livet. Fotballinteressa mi har heller aldri heilt sleppt taket. Det er stort å få vere på Anfield når Liverpool-fansen stemmer i med «You'll never walk alone».

– *Går det an å seie noko om kor stor rolle song og musikk spelar for kyrkja og formidlinga av den kristne bodskapen?*

– Det er nok heilt uvurderleg. Eller som ein av lærarane mi ordla seg ein gong: «Kunne du ha tenkt deg eit liv utan tonar og musikk?» Musikk er eit universelt språk som alle forstår. Liksom livet sjølv har tonar i dur og moll, kan kyrkjemusikken og musikklivet elles vere med på å formidle tru og håp, glede og trøyst. Det nye testamentet i Bibelen har som kjent eit vers, Johannes 3.16, som me kallar Den vesle Bibelen. Eg synest me òg har eit vers som me gjerne kan kalle Musikkens vesle Bibel. I Kolossarbrevet 3.16 heiter det: «Lat Kristi ord få rikeleg rom mellom dykk så de med visdom kan undervisa og formana kvarandre med salmar, lovsongar og åndelege viser. Syng for Gud med takk i hjarta.»

– Eg gler meg til å få kome i gang for fullt i heile Nissedal sokn, kunne vere med å gje noko både i kvardag og fest, i sorg og glede, seier Maria til slutt. Me på vår side takkar Maria for det ho ville dele med oss, og ho kan vere trygg på at det er mange som ynskjer henne varmt velkommen, og som ser fram til å høyre når ho lokkar fram tonar frå orgel, piano og flygel.

TV



Teikna av Julie Felle Berntsen

## TRUSOPPLÆRING VÅREN 2021

### KYRKJEBYGDA BEDEHUS

-Nissedal sundagsskule

28. mars, 11. april, 25. april og 9. mai

Kl 11.00-12.00

-Laurdagskveld for deg som går i 7. – 10. kl. frå Kyrkjebygda/Nordbygda

10. april. Kl. 19.00-22.00

-Nissedal yngreslag

8. og 22. april frå kl. 17.30 – 19.00 for 1. -7. kl.

### TREUNGEN BEDEHUS

Nattkafè 8. -10. kl

Kl. 20.00 – 24.00 siste laurdag i månaden, mars og april

Aldri Aleine 5. – 7. kl.

16. og 30. april kl. 17.00-19.00

### 24. april kjem Ivar Skipervold til Treungen

Han skal møte konfirmantane og dei unge på Nattkafè. Det vert og ei samling i kyrkja denne kvelden. Sjå annonse for meir opplysningar.

### KONFIRMASJON 2021

4. SEPTEMBER

Nissedal kl. 11.00

Treungen kl. 13.00

Konsert med Gaute Ormåsen i Treungen kyrkje fredag 7. mai. Sjå oppslag for tidspunkt.

### KONFIRMANTLEIR PÅ GAUTEFALL FJELKYRKJE

Digital «ønsket og elsket» leir i samarbeid med Frikyrkja i Treungen.



Årets konfirmantar i ulike aktivitetar etter endt dag med digital undervisning. Den digitale undervisninga var eit opplegg som vart laga som eit alternativ til den vanlege leiren som pleier å vere på Gjendestad. Her hadde dei bolkar med fellesundervisning på skjerm for så å ha oppgåver i grupper lokalt.

Gode tilbakemeldingar frå konfirmantane.

# FASTEAKSJONEN 2021, KIRKENS NØDHJELP

Årets fasteaksjon vert digital så det kjem ikkje noko besøk på døra av årets konfirmantar.

Måtar å vere med å gje på i år er enten på Vipps 2426 eller til kontonummer 1594.22.87493

## Susan måtte drikka vatnet ho vaska klede i

For seksbarnsmora Susan Miyambo (35) var reint vatn berre ein fjern draum. Alt vatnet ho trong til mat, drikke og klesvask måtte ho henta i ei skitten elv.

*Tekst: Anette Torjusen*

Me er i landsbyen Kasalaulo i Zambia, i eit område der fleire tusen flyktningar frå Kongo har søkt tilflukt. Her bur Susan saman med dei seks borna sine i eit lite hus med strå på taket.

### Tunge kanner

Med høner som flaksar rundt beina hennar, eit barn på armen og eit som held i skjørtekanten, fortel ho om timelange gåturar for å henta vatn før dei fekk reint vatn til landsbyen.

- Mangel på vatn ga oss mange helseproblem. Elva var vår næreste vasskjelde, og den var både skitten og full av bakteriar. Me var veldig ofte sjuke, fortel ho.

Alternativet var å gå langt med tunge kanner. Fleire timer måtte ho brukta for å henta reint vatn. Det var det ikkje alltid tid til med seks born å ta seg av. Difor vart vatnet frå elva ofte den enklaste løysinga. Vatnet ho vaska klede i, drakk, bada borna i og lagde mat med. Vatnet ho delte med dyr og insekt.

- Me måtte gå store avstandar for å koma til vasskjelda, og det var vanskeleg for familien min å få til det, forklarar ho.

### Brønn som endra alt

Susan tar oss med inn i huset sitt der dei er mange på liten plass. Litt av plassen er sett av til oppbevaring av fisk og den populære grønsaka, cassava, som smakar nesten som potet.

- Her ser du litt av inntekta mi, smiler ho. For sal av både fisk og cassava gjev ekstra pengar til storfamilien.

Ho peikar på dei fargerike vasskannene som står ved matlagingsplassen.


- No treng me ikkje lenger å gå langt for å henta vatn. Takka vere Kirkens Nødhjelp har me fått reint vatn i landsbyen. Det er vi så takksame for.

### Avhengig av hjelp for å hjelpa

For at Susan og andre skal få reint vatn, trengst det hjelp frå oss. Også i 2021 skal frivillige over heile Noreg vera med på Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon og samla inn pengar til brønnboring, latrinebygging og andre tiltak som reddar liv i fattige lokalsamfunn ute i verda.

Verda står framleis overfor ein pandemi som rammar oss alle på ulike måtar. Kirkens Nødhjelp har nått ut til over 2,4 millionar menneske med koronaførebyggande tiltak sidan mars 2020, takka vere deira innsats og bidrag.





## GUDSTENESTELISTE MED OFRING VÅREN 2021

28. kl. 11.00 Felle  
28. kl. 18.00 Fjone

Familiegudsteneste  
Kveldsmat

Kyrkjelydsarbeidet  
Søndagskulen i Telemark

### April:

1. kl. 10.00 Haugsjåsund  
1. kl. 18.00 Nissedal  
2. kl. 11.00 Treungen  
4. kl. 11.00 Nissedal  
18. kl. 11.00 Treungen

Skjærtorsdagsgudst.  
Skjærtorsdagsgudst.  
Langfredagsgudst.  
Familiegudsteneste  
Gudsteneste med  
Konfirmantar

Kirkens SOS  
Kirkens SOS  
Kirkens SOS  
Søndagskulen i Telemark  
Diakoniprosjektet i Mali

### Mai:

1. kl. 11.00 Treungen  
2. kl. 11.00 Nissedal  
17. kl. 10.00 Nissedal  
17. kl. 12.00 Felle  
17. kl. 14.30 Treungen  
23. kl. 11.00 Nissedal  
23. kl. 13.00 Treungen  
30. kl. 11.00 Treungen

Solidaritetsgudst.  
Nattverd  
  
Nattverd


Frelesarmeens  
Frelesarmeens  
Kirkens Nødhjelp  
Kirkens Nødhjelp  
Kirkens Nødhjelp  
Kyrkjelydsarbeidet  
Kyrkjelydsarbeidet  
Kyrkjelydsarbeidet

### Juni:

6. kl. 11.00 Treungen  
20. kl. 11.00 Nissedal  
20. kl. 18.00 Treungen

Familiegudsteneste  
Nattverd

Søndagskulen i Telemark  
Diakoniprosjektet i Mali  
Diakoniprosjektet i Mali



# TREUNGEN FRIKYRKJE VÅREN 2021

**Vi oppmodar til å fylgje med på [www.treungenfrikyrkje.no](http://www.treungenfrikyrkje.no) då mykje er usikkert og det kan kome fleire endringar i programmet. På heimesida vil vi også gi info om kva tilbod vi har til born og unge.**

## MARS

28. 11.00 Bønesamling i fastetida

11. 18.00 Dugnad og fellesskap  
18. 19.00 Kvinneforening.  
19 18.00 Samtale etter tilsynbesök  
23. 11.00 Høgtidsgudsteneste.  
25. 16.00 Familiemiddag

## APRIL

01. 18.00 Skjærtorsdagsgudsteneste  
Nattverd og fellesskapsmåltid  
04. 11.00 Høgtidsgudsteneste  
06. 19.00 Kvinneforening  
11. 18.00 Gudsteneste  
12 17.30 Speidaraktivitet  
13 18.00 Dugnad og fellesskap  
20. 19.00 Kvinneforening  
24.-25. Tur med speidaraktivitet  
25. 11.00 Speidargudsteneste  
27. 18.00 Samtale etter tilsynsbesök

## JUNI

01 19.00 Kvinneforening. Avslutning  
08 18.00 Dugnad og fellesskap  
13 11.00 Gudsteneste  
15 18.00 Kyrkjelydsmøte  
23. 18.00 St. Hans feiring.  
27. 11.00 Gudsteneste.

## MAI

02. 11.00 Gudsteneste  
04 19.00 Kvinneforening  
09. 11.00 Gudsteneste

## Bøn torsdag kl. 09.00

**Treungen frikyrkje sin gavekonto:  
2714. 10. 06628 Vipps nr: 27037**

Det er og mogleg å ta kontakt med pastoren for ein prat eller for å få tilsendt info på sms eller mail

Rut Stokstad Nielsen: 93468174 [rut.nielsen@frikirken.no](mailto:rut.nielsen@frikirken.no)

## Blir det sommarleirar på Fjelltun?

Det er veldig usikkert om vi kan arrangere leir, men dersom det er lov og følest trygt håpar vi på å arrangere tweensleir frå fredag 18.- sundag 20.juni og Barneleiren frå torsdag 24.- laurdag 26.juni.

Set gjerne av datoane i tilfelle og følg med på informasjon på [www.treungenfrikyrkje.no](http://www.treungenfrikyrkje.no)



## TREUNGEN NORMISJON, våren 2021

April	Torsdag	08.	kl.19.00	Møte, Kurt Hjemdal.
	Måndag	12.	kl.19.00	Bønsamling.
	Torsdag	15.	kl.19.00	Dugnad/fellesskap.
	Torsdag	22.	kl.19.00	Møte, Johannes Bakken.
Mai	Måndag	03.	kl.19.00	Bønsamling.
	Torsdag	06.	kl.19.00	Bibeltyme, Knut Bjørn Skyttemyr.
	Onsdag	12.	kl.19.00	Møte i Haugsjåsund v/Martha I. Eriksrød,
	Torsdag	13.	kl.11.00	-Kr.h.fartsdag i Bedehuset.
	Torsdag	20.	kl.19.00	Dugnad/fellesskap.
	Torsdag	27.	kl.19.00	Bibeltyme, Oddvar Svalastog.
Juni	Fredag	04.	kl.17.00	Fisketur til Heimdalsheia.
	Måndag	07.	kl.19.00	Bønsamling.
	Torsdag	10.	kl.19.00	Møte, Terje Olafsen.
	Torsdag	17.	kl.19.00	Dugnad/fellesskap.

Kvar torsdag i tida 01.juli til og med 29.juli, er det bøn og samtale kl.19.00.

Pga. corona, kan det bli forandring i programmet.

## HAUGSJÅSUND GRENDEHUS, våren 2021

Skjærtorsdag	1. april	kl. 10.00:	Gudsteneste ved sokneprest Knut Bjørn Skyttemyr. Kollekt og enkel servering.
Onsdag	28. april	kl. 19.00:	Møte med tale og song ved Morten Kravik frå Israelsmisjonen. Misjonsbutikk, kollekt og enkel servering.
Onsdag	12. mai	kl. 19.00:	Møte med tale av Martha Irene Eriksrød frå Normisjon. Kollekt og enkel servering.
Kristi Himmelfartsdag	13.mai	kl.11.00:	Møte med tale av Martha Irene Eriksrød på Treungen bedehus.

### FJONE BEDEHUS

Damenes kvar første onsdag i månaden kl. 19.00

Yngres, sjå eiga facebookside

### FELLE FRIKYRKJE

#### April

11. kl. 11.00 Møte med tale av Lars  
Simonstad

# FRÅ KYRKJEKONTORET

## Frå årsmeldingane året 2020

### Arbeidet i soknerådet, viktige saker

- Gudstenestelister og ansvar ved gudstenestene. Det vart halde 33 forordna gudstenester på sun- og heilagdagar. 11 gudstenester utanom sun- og heilagdagar. Det er sjølvsagt Covid-19 som er grunnen til at det har vore færre gudstenester i år. Soknerådet vi gjerne ha tilbakemeldingar når det gjeld gudstenester og kyrkjelege handlingar. Du kan snakke med ein av soknerådsmedlemene, eller ta kontakt med kyrkjekontoret. Ris, ros eller gode idear? Uansett vil me høyre frå deg.
- Kyrkjestatistikk, gudstenester og kyrkjelege handlingar
  - Gjennomsnittleg frammøte på gudstenestene 38,5 pr. gudsteneste.
  - Døypte 9
  - Konfirmerte 15
  - Vigslar 2
  - Gravferder 6

### Innsamla gåver

Gjevartenesta vår er noko mindre i år pga. Covid-19.

Innsamla i kyrkjene/vipps kr. 71.198

Av dette;

- |                 |            |
|-----------------|------------|
| - Eiga verksemد | kr. 36.579 |
| - NORsahel      | kr. 13.759 |
| - Andre formål  | kr. 20.859 |

Fasteaksjonen kr. 23.322  
( digital innsamling)



Teikna av Ahmad Saleh Benshi

### NISSEDAL:

- Det er gjennomført hogst i kyrkjeskogen i Nissedal
- Det er gjennomført termografering av kyrkja og bårehuset
- Der vart jobba med å utberste vatningsanlegget ved kyrkjegården, held fram i 2021

### TREUNGEN:

- Det er gjennomført termografering av kyrkja og bårehuset

### FELLE:

- Det er gjennomført termografering av kapellet.

## **Økonomisk Resultat 2020:**

Rekneskapsmessig mindreforbruk(overskot) er på kr. 794 052,-. Delar av grunnen til eit mindreforbruk er høgst i kyrkjeskog og eit halv år utan fast organist.

## **Kyrkjelydsbladet**

I 2020 gjekk bladet med kr. 7.101,- i overskot ( kr. 30.536,- i underskot i 2019). Dette beløpet er lagt inn i Fond for kyrkjelydsbladet som har auka frå kr. 40.429 til kr. 47.530,-

Takk til alle dykk som er så snille og køyrer ut bladet for oss. Hildegunn Kåsi, Asbjørn Tveiten, Inger Johanne Aaheim, John Nordbø, John Olav Klodvik, Torill Sønderland, Synnøve Valle og Elisabeth Åslund


Takk til alle som er med å gi gåver til bladet!

DUGNAD PÅ KYRKJEGARDANE

Treungen 3. mai

Nissedal 4. mai

Felle 5. mai



Teikna av Sebastian Meyer



Teikna av Nora Kåsi

## NorSahel oppdatering prosjekta i Mali pr februar 2021.

I juli 2020(midt i covid-19) fekk NorSahel fornya sin autorisasjon til å virke i landet. Mali har siste året gått gjennom både aukande uro, eit militærkupp i aug. 20 og covid-19 pandemien. Landet er meir ustabilt enn på lenge. Men NorSahel har planar om å bli i landet og styrke sine aktivitetar. Når det gjeld covid-19 er framleis talet på smitta og døydde lågt i Mali (8200 smitta og 342 døydde pr. 15.02.21). NorSahel har haldt opent sitt kontor i Bamako gjennom heile covid-19 og stadleg representant Etienne styrer arbeidet i Mali.

### Prosjektet nyfødt

Alle aktivitetane til NorSahel innan nyfødt blei stogga og utsett grunna covid-19 situasjonen. NorSahel har gjort, saman med partnerar, enkelte covid-19 relaterte aktivitetar siste året.

Eit stort program innan nyfødt helse er gitt til Mali av internasjonale givarar (med overvekt av norske Laerdal og Norad). Meir enn 60 mill NOK er lova til programmet, som vil bli forvalta av Unicef Mali. 5 land vart vald ut av alle afrikanske land. Forutsetninga for at Mali vart vald ut for dette programmet var NorSahel sine prosjekt og resultat i landet! Dette er nyleg blitt bekrefta av både Laerdal og Norad i møter med oss.

Dette prosjektet er mykje forseinka grunna covid-19 og er enno ikkje igangsett i Mali. Vi vil kome tilbake her ved meir info.

### Sykkelprosjektet og skule-situasjonen i Mali

2020 blei eit veldig krevjande år for skulane i Mali. Skulane i Mali hadde problem nok frå før covid-19. Mange skular i nord og sentral Mali har måtte stenge grunna sikkerheitsomsyn. Slik som i nabolandet Burkina Faso har lærarar og skular vore uttalte mål for terroristar. Difor har mange skular her vore stengde ein god stund. Så langt har ikkje dette skjedd i området Tambaga der NorSahel har sykkelprosjekt på 6 ulike ungdomskular.

I vårt området vest i Mali var tida før covid-19 prega av streik i skulesektoren. Så kom covid-19 og alle skular vart stengd ned. Det vart sagt dei skulle opne til hausten, men det skjedde ikkje. Men no for ei veke sida vart alle skulane i vårt området opna igjen for første gong etter covid-19! Og mykje er endra i løpet av siste året. Slik undersøkingar frå samanliknbare land viser, har andel barneekteskap, andel kjønnslemlæsta og jenters rettigheter vorte verre under covid-19 pandemien. Og skulegang og spesifikt jenters skulegang er blitt satt tilbake. Det er klare teikn på at det same har skjedd i Mali og i vårt område.

Tala viser at det er færre jenter enn før på skulane. Før covid-19 bestemte NorSahel å satse på ennå 2 nye ungdomskular. Lite visste vi då om konsekvensane av covid-19. Men ettersom dette allereie var blitt kommunisert til skulen kunne vi sjølv sagt ikkje går bort frå løftet om at Bugaribaja skulle få skule-syklar dette året.

Bilete til høgre fekk vi akkurat opp frå Mali. Det viser jenter og nokre få gutter som har fått skulesykkelen ved ungdomskulen i Bugaribaja. Mange av dei bur langt frå skulen og har venta på sykkel lenge.

Etter fleire års prosjekt har vi eit godt utarbeida system for utdeling og oppfølging av syklane. Skulane vi samarbeider med vil svært gjerne ha prosjektet framover, difor forvaltar dei syklane godt. Vi klarar å tilpasse oss både vanskeleg sikkerheit, politisk uro og covid-19. Så for oss dreier det seg no om å samle inn til nye syklar slik at spesielt jenter kan få ein ny moglegheit til å gå og fullføre skulen. Vi vil difor gjerne utvide dette prosjektet, då vi ser det gir resultat og hjelper. Utdanning er under press i Mali, men vi veit at nettopp utdanning er ein nøkkel for eit land for å kome ut av fattigdom. Ein skulesykkelen kan gi utdanning til ei jente og dermed endre livet til henne. Det er motivasjonen for dette prosjektet!



Elevar på Bugaribaja ungdomsskule med skule syklar fra NorSahel under gjenopning 10 feb. 2021




Årets vårliste er klar- velkommen på tur sammen med oss 😊 Vi vet at vi ikke kan treffe alles ønsker med turene, men håper at dere som har lyst å på tur med oss vil komme og prøve. Tempoet regulerer vi etter turene, formen og folka 😊 Her er det god folkehelse med selskap, svette, trim og utsikt.

**Felles kjøring fra Frivilligsentralen 09.30 hver torsdag.** Vi tar høyde for at turene kan bli forandret, så følg med på siden vår eller ta en telefon.


15. april	Paradisbukta/ Vinkeldammen.	Vi starter med en kjent og god tur, det gledes til å komme sammen igjen. Møt opp og la oss få en skikkelig start på turene våre i den ellers så «rare» tida vi er inne i.
22. april	Ufshomfjell	Olav Jakob tar oss med til hans mest fantastiske topp 😊 Litt bratt, men vi tar tida til hjelp.
29. april	Fossane ovanfor Tveit om Skålefjell.	Litt stigning, fin tur og sti. En to timers med god matpause i tillegg. Vi følger Ingebjørg. Parkering ved Daniel.
6. mai	Lauvdalsfjell	Ny tur i Nissedal, noe stigning. Møtes ved butikken kl 10.00. Torgeir blir med oss på tur.
20. mai	Ramsefjell, Felle	Ragnhild tar oss med på tur, forholdsvis lett tur, men veldig fin.
27. mai	Grønlivarden, Gautefall	Reidun følger oss på denne spektakulære turen.
3.juni	Mjølkoppen 723 moh.	Osmund Tarjei Juva. Inn Ribba der er det fint å gå, bratt på svaberget på slutten.
10. juni	Den grøne nuten, Blåløypa Fjone- Fyresdal.	Vi går inn fra Støyldalen. Møtes ved Håtveitkrysset klokken 10.00.
17. juni	Sundsfjell, Gamle Haugsjåvegen.	Odd Valle tar oss med på tur. Ca 5 km litt bratt i korte perioder. Følger med litt historie.
24. juni	Mjåvatn rundt	Avslutningstur til Gautefall, nydelig tur- Olav Jakob guider.





# MELDINGSBLAD

## NISSEDAL KOMMUNE



NR 1.

2021

Nissedal kommune har lansert tenesta Min Eigedom. Her får du innsyn i all informasjon om kommunale avgifter, forbruk o.l. knytt til vatn, avløp og eigarforhold m.m.

- Oversikt over kommunale avgifter og eigedomsskatt
- Historikk på tidlegare betalte kommunale avgifter til Nissedal kommune
- Grunnbok- og matrikkelopplysingar om eigedommane dine
- Du kan stille spørsmål eller melde ifrå om feil/manglar direkte til Nissedal kommune via elektronisk skjema

Du loggar deg enkelt inn via ID-porten og får tilgang på opplysningar om eigedomar der du er registrert som eigar. Min Eigedom er tilgjengelig hele døgnet på alle digitale plattformer.

Har du eigedomar i andre kommunar, må desse kommunane også tilby Min Eigedom for at du skal få tilgang til all informasjon. Om kommunane ikkje har denne tenesta, vil du likevel få tilgang til grunnbok- og matrikkelopplysingar.



Bilete av Kyrkjebøya

Foto: Jermansen Media

## NISSEDAL SOKN VEST TELEMARK

**Sokneprest Knut Bjørn Skyttemyr**  
Kyrkjekontoret: tys. og tors.  
kl. 10-13  
Tlf: 35 04 84 49 Mob: 90 79 93 68  
e-post:  
[knut.bjorn.skyttemyr@nissedal.kommune.no](mailto:knut.bjorn.skyttemyr@nissedal.kommune.no)

**Kyrkjeverje Bente Rønningen Meyer**  
Kyrkjekontoret: man., tys. og ,tors..  
kl. 9-13  
Tlf: 35 04 84 43 Mob: 99 54 45 43  
e-post:  
[bente.meyer@nissedal.kommune.no](mailto:bente.meyer@nissedal.kommune.no)

**Leiar soknerådet:**

Anita H. Haugsjå

**Nestleiar:**

Astrid Eidem Nordal

**Kyrkjetenar/kyrkjegardsarbeidar**  
**Anne Marie Larsson**  
Mob: 90 63 47 47

**Kantor:**

Maria Skjæveland

Mob: 48 46 70 05

**Klokkar i Treungen Kyrkje**  
**Reidun Lauvdal**  
Mob: 95 06 52 01

**Prostdiakon Eilev Erikstein**  
3890 Dalen, tlf: 35 07 71 88  
Mob: 91 11 35 80

**Kirkens SOS**

**Tlf: 22 40 00 40**

*God påske*

## FRA KYRKJEBOKA -NISSEDAL SOKN

**Nissedal kyrkje**

**Treungen kyrkje**

**Gravferd:**

5.1.21: Trygve Sollid  
D: 20.12.20 F: 1925  
9.2.21: Ole Petter Willenius Tarraldsen  
D: 31.1.21 F: 1933  
9.3.21: Kåre Homdrom  
D: 28.2.21 F: 1938

### Gje di gāve ved bruk av VIPPS

Kyrkjelyden har fleire nummer:

123534 Sundagens offer  
123537 Kyrkjelydsarbeidet,  
123538 Diakoniprosjekt i Mali  
123539 Gāve til Kyrkjelydsbladet

### KYKJELYDSBLAD

for Nissedal sokn utgjevar:


Soknerådet i Nissedal

**REDAKSJON:**


Knut Bjørn Skyttemyr, 3854 Nissedal,  
Mob: 90 79 93 68  
Tor Valle, 3855 Treungen,  
priv. tlf: 92 48 90 42  
Gunnhild Breivik Rieber-Mohn  
3854, Nissedal, priv.tlf: 99 42 33 59

**EKSPEDISJON:**

Kyrkjekontoret  
GIRO: 2714.10.15589  
Bladet vert sendt ut gratis til alle heimar i  
Nissedal prestegjeld.  
Friviljuge gāver til bladet vert mottekne  
med takk.  
Trykt ved Erik Tanche Nilssen trykkeri,  
Skien



Teikna av Teodor Holskar



Teikna av Magnus Felle



Teikna av Guro Tveit

**Teikningane i år er laga av 3. klasse på Tveit skule**

**Takk for fine teikningar.**

### Når eg ser din himmel

For nokre dagar sidan var det fullmåne. Då eg drog gardina til sides om morgenon, såg eg rett ut på den lysande kula. Ho lyste opp morgenon min fordi ho gav ljós til fjella og vatnet, men også fordi ho var så fin. Eg blei glad av synet!

Og eg kom på orda i Samle 8 i Bibelen:  
*Når eg ser din himmel, eit verk av dine fingrar, månen og stjernene som du har sett der, kva er då eit menneske- at du hugsar på det, eit menneskebarn- at du tek deg av det?*

Månen fekk meg til å tenkje på alt eg kan gle meg til. Og han minte meg på at eg kan leite etter små gleder kvar dag.

Eg måtte passe på å få med meg dette vakre synet, så lenge det var mogeleg. Nå er månen på ne- snart er han liten og slett ikkje synleg når eg vaknar om morgenon. Slik er det i naturen; veret skiftar, årstidene skiftar, og viss ein vil ha med seg «høgdepunkta», må ein vere vaken. Men slik er det vel elles i tilværet også? Det er stadige skiftingar, noko styrer eg sjølv, anna må eg bare ta som det kjem.

Det står MARS på kalenderen min. Eg har bladd om, men det er ikkje mi forteneste at våren er i kjømda. Den første av tre vårmånader er her. Eg hugsar på eit bilet eg tok rett utanfor huset i mars i fjar. Det

var mest som då eg såg månen; heilt uventa oppdaga eg små, blå blomar under trappa. Blåveisen var her!

Eg kika spent under trappa i dag, men ingen blomar var å sjå. Men det gjorde i grunnen ikkje noko. For nå hadde eg alt kjent på den gleda det er å sjå fram til noko. Eg gler meg til blåveisen skal kome i år også, men ikkje bare til det: eg gler meg til å kjenne angen av syrin, til å høyre svalene skrike høgt oppe på ein blå himmel, til å gå barbeint i varm sand og til å sitje ute og ete is! Eg gler meg til lysare kveldar og varmare luft. Men eg gler meg også til å lese ferdig den boka eg har begynt på, og til å strikke ein liten kjole... Det er mangt å gle seg til om ein bare tenkjer seg om. Kva gler du deg til?

GBR-M.





Teikna av Sofie Meyer



Teikna av Charlotte Houthuizen